



Reglar for bruk av mobil og smartklokker ved Naustdal skule

Reglar for mobilbruk i skuletida

Naustdal skule er ein mobilfri skule og nyttar mobilhotell i klasseromma på 5.-10. trinn. Dette inneber at elevane ikkje får nytte mobilen sin på skulen sitt område og i skuletida utan at det er gjeve særskilt løyve til dette av ansvarleg lærar.

Elevar som har med mobil til skulen, skal levere desse i mobilskåp i klasseromma ved oppstart 1. time. Lærar sørger for at mobilskåp er låste gjennom dagen. Dersom elevar ikkje ynskjer å levere mobilen i mobilskåpet, skal mobilen vere att heime. Det er ikkje høve til å legge mobilen i sekken i staden.

Skulen ynskjer at elevar på 1.-4. trinn ikkje har med seg mobil til skulen. Dersom nokon likevel treng å ha den med, må føresette gjere avtale med kontaktlærar. Mobiltelefonen skal då leverast til lærar og blir låst i inne i-kateterskuffe.

Dersom elevar nyttar mobil i skuletida, blir det sendt melding heim i Visma til føresette. Dersom dette gjentek seg fleire gonger, ber skulen om at føresette tek ansvar for at mobilen blir att heime.

Reglar for smartklokker i skuletida

Dagens smartklokker innehar mange av dei same funksjonane som mobiltelefon. Av omsyn til personvern skal desse difor ikkje nyttast i skuletida. Skulen oppmodar sterkt om at smartklokker ikkje blir tekne med på skulen. Dersom nokon treng å ha med smartklokke på skulen, må føresette gjere avtale med kontaktlærar. Smartklokka skal då leverast til lærar og blir låst inne gjennom skuledagen.